



Fylkesmannen i
Hordaland

Løyve til drift av avfallsanlegg etter forureiningslova for Etne Containerservice AS

Fylkesmannen gir Etne Containerservice løyve til drift av avfallsortering med heimel i forureiningslova §§ 11 og 32, jf. §§ 16 og 29, og i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Løyve er gitt på bakgrunn av opplysningar i søknad av 2. desember 2011
Løyvet gjeld frå dags dato.

Ved endringar som kan ha noko å seie for miljøet, skal verksemda søkje om dette, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget i verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Etne Containerservice
Gateadresse	Steinshagen
Postadresse	5590 Etne
Kommune og fylke	Etne, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	972227242 eigd av 958260563
Gards- og bruksnummer	Gnr 43 og Bnr 20
NACE-kode og bransje	37000 – Oppsamling og behandling av avløpsvatn

Referansane Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2012.136.T	1211.0040.01	4

Løyve gitt: 2. juli 2012	Endringsnummer:	Sist endra:
Sissel Storebø e.f. fung. seksjonssjef		Barbro Relling senioringeniør

¹ Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 39. Gebyr til statskassen for arbeidet til Klima- og forureiningsdirektoratet med løyve og kontroll etter forureiningslova

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Rammer	3
1.1 Avfallstype og aktivitet.....	3
1.2 Avfallsfraksjonar det ikkje er lov å ta imot ved anlegget	3
1.3 Driftstid	3
1.4 Utforming av anlegget	3
2 Generelle vilkår	4
2.1 Plikt til å redusere forureining	4
2.2 Internkontroll	4
2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.4 Tiltak ved auka fare for forureining	4
2.5 Krav til kompetanse om farleg avfall og ee-avfall.....	4
2.6 Økonomisk tryggleik	4
3 Utslepp til luft, vatn og omsyn til nærmiljøet	5
3.1 Utslepp til vatn og grunn.....	5
3.2 Støy	5
3.3 Lukt, støv og forsøpling	5
4 Krav til sortering og lagring av avfall	6
4.1 Krav til anlegget.....	6
4.2 Lagringstid og langringmengder	6
4.3 Informasjon til kundar.....	6
4.4 Dokumentasjon og mottakskontroll.....	6
4.5 Gjenvinning og sluttdisponering.....	6
5 Krav til mottak og lagring av farleg avfall og ee-avfall	7
5.1 Handtering og lagring	7
5.2 Kompetanse.....	7
5.3 Deklarasjon og journalføring	7
5.4 Vidare levering av farleg avfall og ee-avfall	8
6. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining	8
6.1 Miljørisikoanalyse.....	8
6.2 Førebyggjande tiltak	8
6.3 Etablering av beredskap	8
6.4 Varsling om akutt forureining.....	8
7. Registrering og rapportering til Fylkesmannen	9
7.1 Registrering.....	9
7.2 Rapportering til Fylkesmannen.....	9
8. Andre krav	9
8.1 Nedlegging og eigarskifte	9
8.2 Endring og trekking av løyve.....	9
8.3 Tvangsmulkt	9
8.4 Tilsyn	9

1 Rammer

Løyvet gjeld avfallsaktivitet ved Etne containerservice sitt anlegg i Steinshagen i Etne kommune og gjeld gnr 43 og bnr 20

1.1 Avfallstype og aktivitet

Løyvet er avgrensa til mottak av maksimalt 10.000 tonn næringsavfall per år. Denne ramma omfattar også årleg mottak og mellomlagring av 200 tonn ee-avfall og 120 tonn farleg avfall. Nærare oversikt over avfallstypar og aktivitetar er gitt i tabellen under.

Type avfall		Aktivitet
Blanda næringsavfall		Omlasting, sortering og balling
Kjeldesortert næringsavfall	Trevirke	Kverning og omlasting
	Papp/papir	Sortering og balling
	Plast	Sortering og balling
	Jernskrap	Sortering og omlasting
	Gips	Omlasting
Farleg avfall	Impregnert trevirke	Omlasting og lagring
	Batteri	Pakking og lagring
Elektrisk- og elektronisk avfall (ee-avfall)		Sortering og lagring

1.2 Avfallsfraksjonar det ikkje er lov å ta imot ved anlegget

Avfall etter inndeling i ADR forskrifta:

- Klasse 1 Eksplosive stoff og liknande
- Klasse 4.2 Sjølvtennande stoff
- Klasse 5.2 Organiske peroksid
- Klasse 6.2 Infeksjonsfremmande stoff
- Klasse 7 Radioaktivt materiale

Løyvet opnar ikkje for mottak av næringsavfall som i karakter tilsvarar blanda hushaldsavfall eller våtorganisk avfall.

1.3 Driftstid

Løyvet gjeld for ordinær drift mellom kl 07.00-17.00 måndag til fredag. Det skal ikkje vere ordinær drift i helgar og på heilag- og høgtidsdagar. Eventuell aktivitet ved anlegget i form av transport og handtering av containerar skal reduserast til eit minimum utanom ordinær driftstid.

Alle gitte støygrensar gjeld også utanom ordinær driftstid.

1.4 Utforming av anlegget

Anlegget skal vere utforma i trå med gjeldande arealplan for området. Anlegget skal vere innegjerda og låst utanom ordinær driftstid eller når ingen er tilstade.

Nærare krav til handtering og lagring av dei ulike fraksjonane er gitt i punkt 4.2 og 5.1 under.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

2.2 Internkontroll

Verksemda pliktar å ha ein internkontroll². Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda følgjer opp krava i dette løyvet og i forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøva.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7.

2.4 Tiltak ved auka fare for forureining

Dersom unormale driftstilhøve eller andre grunnar fører til fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, og også om nødvendig, redusere eller innstille drift.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan føre til forureining.

2.5 Krav til kompetanse om farleg avfall og ee-avfall

Den som driv mottak av farleg avfall og det personell som handterer slikt avfall skal ha naudsynt kunnskap og kompetanse om farleg avfall. Dette for å sikre forsvarleg handtering og hindre at farleg avfall ikkje blir blanda med anna avfall.

Verksemda pliktar å utarbeide plan for kompetanseutvikling for alle som handterer farleg avfall. Plan for kompetanse og kunnskapsauke skal vere dokumentert i internkontrollen.

2.6 Økonomisk tryggleik

Verksemda skal stille økonomisk tryggleik for å sikre at motteke avfall vert handtert forsvarleg og handsama vidare dersom verksemda legg ned, eller på anna måte ikkje er i stand til å ta hand om avfallet.

² Internkontrollforskrifta. Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar

3 Utslepp til luft, vatn og omsyn til nærmiljøet

3.1 Utslepp til vatn og grunn

Sortering, omlasting og lagring av avfall skal ikkje medføre produksjon av forureina sigevatn eller prosessavløpsvatn. Eventuelt spill, søl og forureina overvatn skal reinsast via oljeutskiljar og sandfang dimensjonert og drifta etter krava i forureiningsforskrifta kapittel 15. Etter reinsing skal vatnet leiast til tett tank og tømast på offentleg avlaupsnett etter godkjenning frå kommunen.

Sanitæravløpsvatnet skal handterast etter krav frå kommunen.

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemnande skadar eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar heile tida å ha oversyn over mogleg forureina grunn som finst på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiding, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

3.2 Støy

Utandørs støy frå verksemda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målte eller rekna ut som fritt feltsverdi ved den mest støyutsette fasaden:

Kvardagar (kl 07-19)	Laurdagar	Søn- og helgedagar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07) alle døgn	Natt (kl. 23–07) alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

Levening er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23–07.

Lnight er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

LAFmax er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er likevel ikkje omfatta av grensene.

3.3 Lukt, støv og forsøpling

Verksemda skal ikkje medføre nemneverdig ulempe for nærmiljøet i form av lukt, støv eller forsøpling. Eventuelle klagar skal registrerast saman med omtale av kva tiltak som er sett i verk for å avbøte skaden. Om naudsynt må lukt- og støv-reducerande tiltak setjast i verk.

Nærmiljøet rundt avfallsanlegget skal ikkje verte forsøpla. Rydding av skjemmande avfall skal skje fortløpande.

4 Krav til sortering og lagring av avfall

4.1 Krav til anlegget

All omlasting, sortering, kverning av trevirke og lagring av avfall skal skje på tett flate og under tak. Anlegget skal ha minst tre tette veggjar for å redusere flygeavfall, støy og støvplagar, samt direkte innsyn mest mogleg. Forureina overvatn og eventuelt søl eller spill skal handterast i samsvar med punkt 3.1 over.

Verksemda skal handtere og lagre avfallet slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for lukt, avrenning, samling av fugl eller anne forureining.

Motteke avfall og utsorterte fraksjonar må lagrast slik at kvaliteten ikkje vert dårlegare eller at sjansen for gjenvinning vert redusert.

4.2 Lagringstid og langringsmengder

Verksemda kan handtere følgjande avfallstypar og -mengder:

Avfallstype	Maksimal lagringstid	Maksimal mengde avfall på lager
Blanda usortert næringsavfall	3 verkedagar	300 tonn
Restavfall til slutthandsaming	1 måned	
Sortert avfall til gjenvinning	12 månadar	

4.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kva type avfall og fraksjonar som kan leverast til anlegget. Avfallscontainer for blanda restavfall skal vere merka med godt synleg og tydeleg oppslag om at det ikkje er lov å legge ee-avfall og farleg avfall i containeren. Containerane skal merkast før den vert sett ut til kunden.

4.4 Dokumentasjon og mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll slik at uloveleg avfall som kjem inn på anlegget vert sortert ut. Mottakskontrollen må inkludere visuell kontroll under lossing. Uloveleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik.

Mottakskontrollen skal også omfatte eit aktivt system og rutinar som hindrar at slike tilhøve vert gjenteke. Avfall frå ulike kundar skal ikkje verte blanda før det har vore sjekka for avvik.

Uloveleg avfall skal umiddelbart sendast tilbake til kunden eller vidare til godkjent mottaks- og behandlingsanlegg. Dersom avfallet vert levert vidare skal kunden varslast skriftleg med oppklarande melding.

4.5 Gjenvinning og sluttdisponering

Verksemda skal legge til rette for størst mogleg sorteringsgrad, slik at mest mogleg av avfallet kan gjenvinnast. Mengde restavfall etter sortering skal vere så lite som

mogleg. Vidare må verksemda medverke til å etablere nyttige sorteringssystem for kundane for å optimalisere moglegheitene for materialgjenvinning.

Restavfall etter sortering skal leverast godkjent sluttbehandlar. Avfall til deponi skal oppfylle krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, jf § 9-2³.

5 Krav til mottak og lagring av farleg avfall og ee-avfall

5.1 Handtering og lagring

Mottak og lagring av farleg avfall og ee-avfall skal skje innandørs og på tett dekke. Handteringa skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår forureining og slik at helse- og miljøskadelege stoff ikkje lekk ut og blir spreidd. Vidare skal anlegget vere utforma slik at det ikkje medfører forureining til jord, luft, vatn og/eller avlaupsnett. Eventuelt søl skal kunne samlast opp, jamfør krav under punkt 3.1 over.

Farleg avfall og ee-avfall skal ikkje blandast med anna avfall. Oppsamla spill og/eller vatn som er forureina med farleg avfall skal handterast som farleg avfall.

Kverning av impregnert trevirke er å sjå på som behandling av farleg avfall, noko dette løyvet ikkje opnar for.

Verksemda kan lagre følgjande typar og mengder farleg avfall/ee-avfall:

Type farleg avfall/ee-avfall	EAL kode*	Avfallskode Norsk standard	Maksimal lagringstid	Maksimal mengde avfall på lager
Impregnert trevirke	170204*	7098 7154	6 månader	50 tonn
Batteri (blyakkumulator)	160601*	7092		
EE-avfall	1602	1500		

* Jamfør Avfallsforskriften kapittel 11 vedlegg 1. Den europeiske avfallslisten

** Jamfør Norsk Standard NS 9432:2011 Klassifikasjon av avfall

5.2 Kompetanse

Handtering av farleg avfall skal berre gjerast av personell som har og opprettheld nok kompetanse om dette avfallet. Verksemda pliktar å lage planar for kompetanse-utvikling for alle som skal handtere denne type avfall, jamfør punkt 2.5 over.

5.3 Deklarasjon og journalføring

Ved mottak av farleg avfall frå kundar skal den som driv mottaket sjå til at farleg avfall er deklarerert. Den som eig avfallet er sjølv ansvarleg for at deklarasjonen er utført korrekt, jamfør avfallsforskrift kapittel 11 om farleg avfall (§ 11-2).

³ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall i virksomheter – forskrift av 1. juni 2004 nr 930 (avfallsforskriften)

All deklarerer skal skje på deklarasjonsskjema godkjent av Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif). Når ei levering omfattar fleire avfallstypar skal det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype.

Verksemda skal føre journal som omfattar alle naudsynet opplysningar om det farlege avfallet. Journalen skal innehalde opplysningar om mengde farleg avfall, type farleg avfall, deklarasjonsnummer, kvar avfallet kjem ifrå med vidare. Journalen skal vere lett tilgjengeleg for kontroll i minst tre år.

5.4 Vidare levering av farleg avfall og ee-avfall

Alt farleg avfall og ee-avfall skal leverast vidare til anlegg som har spesifikke løyve etter forureiningslova til sluttbehandling av desse avfallstypene, jamfør også avfallsforskrifta § 11-6 og 11 -7 om farleg avfall

6. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining

6.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

6.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

6.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining om det trengst. Beredskapen skal heile tida vere tilpassa den miljøriskoen som verksemda representerer. Minst ein gong i året skal ein øve på beredskapen mot akutt forureining.

6.4 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift⁴. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle.

⁴ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

7. Registrering og rapportering til Fylkesmannen

7.1 Registrering

Verksemda skal føre dagleg oversikt over kva avfall og kva mengder som blir mottatt og passerar anlegget. Registreringa skal gjerast på vekt. I oversikten skal mengde og leveringsstad for utsorterte avfallsfraksjonar kome fram. På same måten skal mengder og mottaksanlegg for restavfall vere oppgitt.

7.2 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år sende rapport til Fylkesmannen. Rapporteringa kan skje på standard skjema frå Fylkesmannen og skal minst innehalde følgjande:

- avfallsmengder og typar inn og ut av anlegget
- mengde avfall på lager 1. januar og 31 desember i rapporteringsåret
- omfang av innslag av ulovleg fraksjonar i avfallet og kva som er gjort for å hindre at dette gjentar seg.
- status for utslepp og påverknad av nærmiljøet
- vurdering av internkontroll og status for risikovurdering

8. Andre krav

8.1 Nedlegging og eigarskifte

Dersom anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren heile tida gjere det som trengst for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan medføre forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen på førehand og i rimeleg tid.

Ved nedlegging av verksemda skal den ansvarlege syte for at driftsstanden blir sett i tilfredsstillande stand att med tanke på miljøet.

Dersom verksemda ønskjer å starte verksemda på nytt, skal ho gje melding til Fylkesmannen i god tid før planlagt oppstart.

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

8.2 Endring og trekking av løyve

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller gi nye pålegg, jamfør §§ 18 og 86 i forureiningslova. Om naudsynt kan Fylkesmannen trekke løyvet tilbake.

8.3 Tvangsmulkt

Verksemda må rekne med pålegg om tvangsmulkt dersom vilkåra i løyvet ikkje vert overhaldne, jamfør kapittel 9 i avfallsforskrifta og § 73 i forureiningslova.

8.4 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta føre tilsyn med anlegget når som helst.